

STORDAL KOMMUNE  
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

18.11.2011

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I STORDAL KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 24.11.2011 kl. 16.00  
på rådhuset**

**SAKLISTE:**

- Sak 11/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 06.06.2011
- ” 12/11 - Orientering om kontrollutval og revisjon
- ” 13/11 - Opplegg for kontrollutvalet sitt arbeid i den nye valperioden.
- ” 14/11 - Økonomirapport 2011, 3. kvartal – Stordal kommune

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no)

Ingrid Løset  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
STORDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 6. juni 2011, kl. 14.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades:

Ottar Røren

**= 2 voterande**

Rune Støversten og Reidun Torpe Langhaug hadde meldt forfall

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Stordal kommune møtte rådmann Lars Joranger.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

**SAK 08/11**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 26. MAI 2011**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 26. mai 2011 blir godkjent.

**SAK 09/11**

**ÅRSMELDING 2010 – STORDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 01.06.2011 frå kontrollutvalsekretariatet:

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Stordal kommune til orientering.

**SAK 10/11**  
**KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 - STORDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 01.06 2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Stordal kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent

Ingrid Løset  
leiar  
(sign.)

Ottar Røren  
varamedlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.11.2011

**SAK 13/11  
OPPLEGG FOR KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I DEN NYE VALPERIODEN**

Når det gjeld drøfting av opplegget for kontrollutvalet sitt arbeid i valperioden, vil det ikkje bli lagt føringar for debatten frå kontrollutvalsekretariatet i denne omgangen. Føremålet med å ta opp temaet er å få fram synspunkt for det vidare arbeidet.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.11.2011

**SAK 14/11  
ØKONOMIRAPPORT 3. KVARTAL 2011 - STORDAL KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Formannskapssak 102/11 og kommunestyresak 053/11

**Formell bakgrunn for rapportering**

Av budsjettforskriftene §10 går følgende fram:

*”Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak”*

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjettrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett bør kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så bør rapporteringa også innehalde verbale kommentarar til forskyvingar som følgje av tidleg eller sein byggestart, framdrift, kostnadsoverslag, finansieringsplan og løyvingar. Det bør også lagast eigna rapportar for prosjekt som går over fleire år.

Dersom kommunestyret skal få tilstrekkeleg oversikt, bør rapportering gjerast med same spesifikasjonsgrad som kommunestyret sitt budsjettvedtak med budsjett skjema 1A, 1B, 2A og 2B (driftsbudsjettet-og investeringsbudsjettet).

### **Vedkomande framlagte rapport.**


Rapporten viser tap på finansforvaltninga på ca 1,4 million kroner og eit overforbruk på 2,5 million kroner pr. 3. kvartal.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek økonomirapprt 3. kvartal 2011 til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar



- det beste friskt!

## STORDAL KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Endelig vedtaksorgan: Kommunestyret  
Saksansvarleg.: Torbjørn Emblem

Arkiv: FE-212  
Objekt:

Arkivsaksnummer  
11/444

SAKSGANG			
Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksbehandlar
102/11	Formannskapet	12.10.2011	TE
053/11	Kommunestyret	09.11.2011	TE

## Økonomirapport 2011 - 3.kvartal.

## Vedlegg i saka:

Nr.	Tittel
1	Vedlegg: Kvartalsrapport 3. kvartal 2011

## Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Økonomirapporter - saksgrunnlag

## Saksopplysningar:

Stordal kommune skal ved ei normalfordeling av forbruk av budsjettet ha ein forbruksprosent på 73% pr utgangen av 3.kvartal.

Statusen pr 1.oktober er:

Utgiftssida	Forbruk %
Ansvar 1000	78
Ansvar 2000	72
Ansvar 3000	75
Ansvar 6000	80

Plasseringane i portefølga i Sparebanken Møre har i 2011 hatt ein nedgong på ca 1,4 million. Stordal kommune har plasseringane der som ei langsiktig plassering, men dei kommunale rekneskapsreglane føreset at det er deen reelle verdien som skal inntektsførast eller utgiftsførast i rekneskapsåret.

Dette betyr at det vert utgiftsført tap på ca kroner 1,4 million i drifta pr 3.kvartal 2011.10.10

Samla overforbruk og mindre inntekter utgjer samla ca 2,5 million pr 3.kvartal 2011, dersom ein ser på årets drift isolert.

### **Vurdering:**

Årets meirforbruk må gjennom 4.kvartal styrast slik at overforbruket ved årets slutt ikkje er høgare enn strengt nødvendig. Opptak av nye lån som belastar drifta ytterlegare må også styrast i høve nettovirkninga på drifta.

Rådmannen vil måtte innføre tiltak for å redusere meirforbruket gjennom vurderingar om innkjøpsstopp. Strengare fakturakontroll og vurderingar omkring variable lønnskostnader.

Avsette reservefond vil kunne dekke opp for deler av meirforbruket, men samstundes har nokre av ansvarsområda også underskot frå 2010 som skal dekkast i 2011.

Nedgangen på portefølga i Sparebanken Møre på kroner 1,4 million sålangt i 2011 vil ein måtte utgiftsføre i driftsrekneskapen. Rådmannen vil samstundes rå til at "tapet" vert kompensert med tidlegare avsette meiravkastning i tidlegare år som er avsett på fond.

Gjennom den tidlegare forsvarlege økonomistyringa til kommune har ein no avsette midlar til å ta høgde for "svingningar" i finansmarkedet. Avsetningane er ikkje så stor at ein kan ha mange slike år med nedgang og "tap".

Rådmannen viser ellers til økonomirapporten for 3.kvartal og informasjon i formannskapsmøte den 12.oktober.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Stordal kommunestyre tek 3.kvartalsrapport 2011 med tiltak til vitande.

### **Behandling i formannskapsmøte 12.10.11:**

Framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

### **FS-102/11 VEDTAK:**

Stordal kommunestyre tek 3.kvartalsrapport 2011 med tiltak til vitande.

### **Behandling i kommunestyret, møte 09.11.11:**

Formannskapet si tilråding til vedtak samrøystes vedteke.

### **KS-053/11 VEDTAK:**

Stordal kommunestyre tek 3.kvartalsrapport 2011 med tiltak til vitande.



# **Stordal kommune**

**\*Kvartalsrapport\***



**3.kvartal 2011**

## RAPPORTERING PR. 3. KVARTAL 2011

### Saksopplysningar


#### Økonomistatus:

Rekneskapsresultatet for 3.kvartal bør ligge på ein gjennomsnittleg forbruksprosent på ca73 % etter september måned. Forbruket er også vurdert utifrå justert periodisert nettobudsjett !


Utgiftssida	Forbruk %
Ansvar 1000	78
Ansvar 2000	72
Ansvar 3000	75
Ansvar 6000	80

#### Forbruk pr 3.kvartal i høve snittforbruk i perioden !


Normalforbruk fordelt over året utgjør for 3.kvartal 73%



Ansvarsområda sine andeler av driftsutgifter i 3.kvartal 2011.



Utviklinga i plasseringsportefølge dei siste åra tom 3.kvartal 2011



## **Rekneskapsvurderingar:**

### **Dagleg drift:**

Slik rekneskapsen ligg føre i dag etter avslutta 3.kvartal kjem Stordal kommune til å gå i minus for året 2011.

Det er i dag ansvar 1000(sentraladm) og 6000 (teknisk) som har pt dei største prosentvise meirforbruket, saman med ansvar 3000 (omsorg/helse) har eit meirforbruket på 3 % men som kronemessig utgjir ca 400.000,-.

**Samla utgjir meirforbruket pr 3.kvartal på den daglege drifta kr. 1.100.000,-.**

### **Finans**

Uroa i finansmarknaden påvirkar også Stordal kommune. Kommunen hadde ved inngangen til 2011 ei plassering hjå Sparebanken Møre på ca 14,6 millionar. Desse plasseringane har i gode år gjeve Stordal gode avkastningar på TK formua.

Pr 3.kvartal utgjir den nominelle økonomiske nedgangen ca kr 1,4 million. I tillegg kjem manglande forventta avkastning på ca kr. 600.000,-. Tapet på plasseringane sjølv om desse ikkje er realisert/seld skal utgiftsførast i driftsrekneskapsen for 2011. Dvs at pr i dag er det utgiftsført kr. 1,4 million .

Portefølgerapporten vert lagt fram i møtet den 12.oktober, då den enno ikkje er ferdig.

### **Konklusjon:**

- **Drifta og finansavkastninga utgjir pr 3.kvartal 2011 isolert sett eit meirforbruk/underskot samla kr. 2,5 million.**
- Økonomistyringa dei neste 3 månadane bør vere stram og innkjøpsstopp bør vurderast.
- Økonomirapporten og status vert gått gjennom på møtet den 12.oktober i formannskapet.

## **Generell økonomistatus pr oktober 2011:**

1. Avkastninga av fondsplasseringane gjev i 2011 ei negativ avkastning. Dette kjem fram i Sparebanken Møre statusrapport for 3.kvartal som vert lagt fram i møtet, men som utgjer ein nedgang/tap på 9,3% eller kr. 1.400.000,-. Tapet kjem i tillegg til manglande forventa avkastning på ca 600.000,- i budsjettet for 2011.
2. Innlåna til kommune er fortsatt pr mars hovedsakeleg basert på flytande rente. Endringar i høve nytt finansreglement gjer at nokre endringar med å ha fastrentebindingar vert gjort i samband med årsavslutninga i april månad. Dei nye låneavtalane som skjer i oktober månad vert vekta mellom flytande og fastrente .
3. Frie inntekter (skatt og rammetilskot) ser ut til å ha ein nedgang i høve budsjett, der skatteinntektene sviktar noko også etter 3. kvartal, men vert dels kompensert gjennom systemet for løpande inntektsutjevning så langt. September og novemberer store inntektsmånader for dei samla frie inntektene.
4. Aksjeutbytte frå Ørskog Energi AS utgjer kr. 320.000,- for året 2011, noko som er vel kr. 100.000 over budsjettet. Aksjekapitalen for Stordal kommune utgjer ca 15.000.000 i selskapet. Finansinntektene frå det ansvarlege lånet utgjer fortsatt 2% over Nibor.
5. Utfordringa vedk økonomisk kontroll og styring har ein fortsatt ikkje god nok i høve fleire av dei mange og ulike samarbeida, der det er eigne styre mv herunder IKS. Fleire av desse synes å ikkje vere i ein kommunaløkonomisk kvardag. Stordal kommune sine representantar må få eit klarare mandat og rapporteringsansvar i høve dei økonomiske føresetnadane for 2012 budsjettet.
6. Fungerande økonomisjef satt gjennom 1.kvartal satt ein stopp for alle nye tiltak/saker (drift og investering) som ikkje er forankra i økonomiplanen/årsbudsjettet fram til slutten på april, slik ein får gjere opp ein økonomisk status innan investering og finans da ! Dette må no gjennomførast. Alle tiltak må finansierast før gjennomføring, både investeringar og drift. Dette må skje gjennom fullverdige finansieringar.
7. Budsjettvedtaket for 2011 inneheld løyvingar til eit reservefond, reservefond 2011 (4%-5%) og eit mindre fond på rest arbeidsgjevaravgift. Desse fonda må no "frysast" for å sikre eit minst mogleg samla meirforbruk i 2011. Fonda bør nyttast til ei omfordeling av rammene slik at Stordal kommune klarer å legge eit godt grunnlag for inngangen til 2012. Rådmannen kjem med eiga sak etter at nødvendige rekneskapsmessige analyser er gjort.

## **Status andre prosjekt/tiltak i Stordal kommune:**

1. Lånebygg opptak vedk ny skule/tilbygg vert gjennomført i oktober. Det forhandles om rentevilkår for innlån og plasseringar i bank mot vilkår.
2. Rådmannen vil informere i møtet om statusen i løpande investeringsprosjekt som skulebygg, omsorgsbustader, mv

Stordal, 7.oktober 2011

Torbjørn Emblem  
fung